



LESE KROKEN

AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURLÆRAR
FOR NYSJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

Kvifor Lesekrok i Nysgjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheiter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norsklæraren sitt ansvar. No er alle lærarar leseleiarar. Men kva betyr det egentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verktoy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nysgjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nysgjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsvinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «KVA SNAKKAR FUGLANE EIGENTLEG OM?» I NYSJERRIGPER NR. 3-12

Adaptasjon med drama

Adaptasjon (tilpassing) vil seie å overføre eit innhald frå eitt medium til eit anna. Til dømes kan ein filmatisere ei bok, lage ei veggavis frå eit foredrag eller dramatisere ein artikkel. For å kunne tilpasse eit innhald til eit nytt medium må ein forstå det og trekkje ut det viktigaste. Så kan ein finne ut korleis ein kan omforme stoffet til ei anna form. Difor er dette ein god metode for å sikre at elevane får med seg stoffet. Dei kan ikkje gjenta setningar frå teksten eller skrive av, dei blir nøydde til å nytte eiga forståing og egne ord.

Drama blir ofte nytta som adaptasjon av skjønnlitterært stoff, men det er også mogleg med sakprosa. I denne artikkelen blir kråkettinget skildra. Vi les at kråkene truleg informerer kvarandre om kor dei bør dra etterpå, og at dei kranglar om kven som skal sitte inst og ytst i trea. Nøyaktig kva dei seier, og korleis dei gjer det, veit ein ikkje, difor er det også rom for å improvisere.

Elevane får i oppgåve å dramatisere eit kråketting. Del dei i grupper på 4–8 elevar. Dei skal sjølv finne ut kor i teksten det står om kråkettinget, kva dei vil ha med i dramatiseringa si, og kva for roller dei vil ha. La dei ulike gruppene presentere dramatiseringa for klassa. Vurder i samla klasse om det er belegg i artikkelen for å dramatisere som dei har gjort.



Om Nysgjerrigper

Nysgjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasien sin. Nysgjerrigper vil auke interessa for forskning og vitenskap – og håper fleire unge menneske vel forskning som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitenskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskingsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetane i tiltaket på nysgjerrigper.no





Oppgaver til «Kva snakkar fuglane eigentleg om?»

1. Førlesing

Jobb i par.

- a) Les overskrifta.
- b) Diskuter om fuglane eigentleg «snakkar».
- c) Kva trur de fuglane snakkar om, og kven snakkar dei til?

2. Detektivlesing

- a) Kva nyttar fuglane språket til? Nemn minst fem døme.
- b) Kva for fuglar finn de på bileta?
- c) Kva for ein fugleart i artikkelen ville du ha vore? Grunnlegg svaret ditt.

3. Dramatiser kråketinget

Jobb i grupper.

- a) Finn ut kva eit kråketing er ved å leite i artikkelen.
- b) Dramatiser korleis de i gruppa meiner eit kråketing kan vere, om kråkene snakka menneskespråk.
- c) Framfør for resten av klassa.